



Magnus Eikefet
Fyllingsnesvegen 189
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1184 - 16/10429

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
18.04.2016

Gbnr 214/10 Fyllingsnes. Deling av grunneigedom, areal til naust. Førebels svar.

Syner til søknad om arealoverføring. Søknaden er motteke i Lindås kommune 07.04.2016.

Søknaden gjeld overføring av areal frå gnr.214 bnr.10 til gnr.214 bnr.62. Med søknaden føl ei kartskisse og ei skildring av arealet som skal flyttast: «Flytte grense på gnr.214/62 sørover til sydsiden av naust som ligg på gnr.214/10. Ca 0,5 meter frå naust på vestsiden. Innlemme litt av tomt 214/62 til 214/10 på vestsiden.

Tomt 214/62 skal være 1 mål etter arealoverføring.»

I utgangspunktet er 214/62 200 m², medan naustet som ligg på 214/10 er om lag 50m². Dersom en flytter grensene slik som beskrevet i søknaden vert arealet på ny 214/62 om lag 270m².

Ein tomt på 1 mål får derfor ein mykje større utstrekning enn det vedlagde kartet viser.

Administrasjonen i kommunen legg ved ei skisse på gardskartet for 214/10 der objekt 1 svarer omtrent til søknaden, medan objekt 2 svarer til at tomten begynner å nærme seg 1 mål (834m²).

Slik kommunen ser det, er søknaden som er sendt inn mangelfull. Det er naudsynt å sende eit bedre kart, som viser kva som skal delast frå meir nøyaktig. Det som er skrevet i teksten må passe til det som er teikna på kartet.

Tiltaket ligg i eit område som i kommuneplanen er sett av til bustadføremål. I desse områda er det naudsynt med reguleringsplan før ein kan gje løyve til deling. Dette gjeld særleg når det delast frå om lag 1 mål i strandsona.

Når naustet er delt frå 214/10, har denne eigedommen ikkje lenger naust. Det bør grunngjevast kvifor naustet skal overførast til 214/62. Sjølv om begge eigedommane i dag har same eigar, er det naudsynt med grunngjeving sett i høve til eventuelt å godkjenne dispensasjonen.



Kommunen ber med dette om at de sender inn tilleggsdokumentasjon som syner om deling gjeld slik som kartet syner, eller om det er om lag 1 mål som skal delast frå.

De må og sende ei grunngjeving for tiltaket, og samstundes søke om dispensasjon frå kommuneplanen og tiltak i strandsona.

Dersom tiltaket reelt sett berre gjeld grensejustering, slik det tilsende kartet syner, bør dette diskuterast nærmere med oppmålingsvadelinga i kommunen ved Einar Rydland (tel.: 56375634), slik at tiltaket kan gjennomførast så enkelt som mogeleg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Magnus Eikefet

Fyllingsnesvegen 5913
189

EIKANGERVÅG